

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Osterøy kommune**

Kopi: Varamedlem, ordfører, rådmann, økonomisjef, postmottak, Nordhordland Revisjon IKS

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Osterøy kommune**Møtedato:** 23.11.2020, kl. 12.00 – ca. 15.00**Møtestad:** Heradsstyresalen / fjernmøte

Det er planlagt å ha møtet i heradsstyresalen, men vi vil vurdere fortløpende om møtet bør gjennomførast som eit fjernmøte, jamfør smittesituasjonen og gjeldande tilrådingar.

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: tonje@nordhordland.net eller tlf.: 92858413.

Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
56/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	
57/20	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte	1
58/20	Skriv og meldingar	
59/20	Aktuelt i Osterøy kommune	
60/20	Orientering om Vestlandsrevisjon IKS	
61/20	Uavhengighetserklæing	2
62/20	Oppfølging av revisjonsrapport nr. 18	
63/20	Plan for forvaltningsrevisjon	3
64/20	Plan for eigarskapskontroll	4
65/20	Budsjett for kontrollarbeidet	
66/20	Møteplan for 2021	
67/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval	
68/20	Eventuelt	

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: tonje@nordhordland.net eller tlf.: 92858413.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sine heimesider og i innsynsløysinga: <http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>.

Med vennleg helsing

Kato Melchersen
*Leiar i kontrollutvalet*Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær



Osterøy kontrollutval

Saksframlegg til møte 23.11.2020

56/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møte vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 23. november 2020 er godkjent.

57/20 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 21.10.2020

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet i kontrollutvalet 21.10.2020 vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:


Møteprotokoll frå møtet 21. oktober 2020 er godkjent slik den ligg føre.

58/20 Skriv og meldingar

Saksopplysingar:

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.



59/20 Aktuelt i Osterøy kommune

Saksopplysingar:

Rådmann og ordfører er beden om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Osterøy kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

60/20 Orientering om Vestlandsrevisjon IKS

Saksopplysingar:

Nordhordland Revisjon IKS har slått seg saman med Indre Hordaland revisjonsdistrikt og stifta selskapet Vestlandsrevisjon IKS.

Kontrollutvalet vil få nærare orientering om samanslåinga i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

61/20 Uavhengighetserklæring

Saksvedlegg:


Bekreftelse av revisors uavhengighet, *Nhr*

Saksopplysingar:

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, har kontrollutvalet motteke eigenvurdering av uavhengighet frå oppdragsansvarleg revisor.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



62/20 Oppfølging av revisjonsrapport nr. 18

Saksopplysingar:

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon, skal kontrollutvalet sjå til at dei punkta rekneskapsrevisor peikar på vert retta eller følgt opp, jf. § 3.

Kontrollutvalet handsama årsmeldinga og rekneskapan for 2019 i møtet 31. august i sak 40/20. Kontrollutvalet slutta seg til revisor sine kommentarar og tilrådingar, og vedtok å følgje opp revisjonsmeldinga og revisjonsrapport nr. 18 i løpet av 2020.

Administrasjonen er beden om å orientere om oppfølging av merknadene i rapporten i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til etterretning og ber om ei statusorientering om arbeidet knytt til rekneskapan for 2020 til første møtet i kontrollutvalet i 2021.

63/20 Plan for forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg:


Risiko- og vesentlegvurdering – Forvaltningsrevisjon, *Nhr/Kontrollutvalssekretariatet*

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, jf. kommunelova § 23-3 om forvaltningsrevisjon.

Nordhordland Revisjon IKS og kontrollutvalssekretariatet har utarbeida risiko- og vesentlegvurdering til grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon, jamfør vedteke prosjektplan. Risiko- og vesentlegvurderinga gjev eit overordna bilde av kommunen si verksemd, og peiker på aktuelle områder for forvaltningsrevisjon ut frå vurdering av risiko og vesentlegheit knytt til kommunal verksemd.

Kontrollutvalet skal i møtet prioritere område til plan for forvaltningsrevisjon og innstille til vedtak i kommunestyret, og bør ha gjennomgått grunnlagsdokumentet i forkant av møtet.



Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet innstiller til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgende prioriterte område:

...

Kontrollutvalet innstiller til at kommunestyret delgerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

64/20 Plan for eigarskapskontroll

Saksvedlegg:

Risiko- og vesentlegvurdering – Eigarskapskontroll, *Nhr/Kontrollutvalssekretariatet*

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast eigarskapskontrollar. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap, jf. kommunelova § 23-4 om eigarskapskontroll.

Nordhordland Revisjon IKS og kontrollutvalssekretariatet har utarbeida risiko- og vesentlegvurdering til grunnlag for plan for eigarskapskontroll, jamfør vedteke prosjektplan. Risiko- og vesentlegvurderinga skal gje eit overordna bilde av kommunen si verksemd, og peiker på aktuelle områder for eigarskapskontroll ut frå vurdering av risiko og vesentlegheit knytt til kommunal verksemd og eigarskap.

Kontrollutvalet skal i møtet prioritere område til plan for eigarskapskontroll og innstille til vedtak i kommunestyret, og bør ha gjennomgått grunnlagsdokumentet i forkant av møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet innstiller til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 med følgende prioriterte område:

...

Kontrollutvalet innstiller til at kommunestyret delgerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.



65/20 Budsjett for kontrollarbeidet

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.


Kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver er lovregulert, og utvalet sitt ansvarsområde kan delast inn i tre områder; kontrollutvalet sine egne aktiviteter, kostnader knytt til sekretariatstenester og kostnader knytt til revisjonstenester.

Kostnader knytt til revisjon og kontrollutvalsekretariat er avtalefesta. I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2021. Det er lagt opp til 5 møter, men tal møter kan auke dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår. Det er i budsjettforslaget ikkje teke høgde for ekstraordinært ressursbehov i kontrollsamanheng.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2021:

	Utgiftspostar	Framlegg til budsjett
1	Revisjon	1 100 000
2	Sekretariat	95 000
3	Godtgjersle, tapt arb., reise, m.m.	100 000
4	Diverse møteutgifter	10 000
5	Kontigenter (faglit.)	1 000
6	Opplæring/kurs - kontrollutvalet	24 000
	Total budsjettramme	1 430 000

- 1) Det er under utarbeidning ny avtale med kostnadsfordeling knytt til samanslåing av revisjonsselskapa til Vestlandsrevisjon IKS. For Osterøy kommune er det forventa at kostnaden vert om lag på same nivå som avtalen til no.
- 2) Kostnad til kontrollutvalsekretariat er rekna etter avtalt kostnadsfordeling mellom kommunane.
- 3) Kontrollutvalet sine egne utgifter er knytt til fast årleg godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter og tilhørande sosiale kostnader.
- 4) Diverse møteutgifter som møtemat, og evt. møterom dersom det vert behov for å leige anna stad enn kommunehuset.



5) Abonnement på faglitteratur.

6) Kontrollutvalet bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert arrangert kurs for kontrollutval nasjonalt og i aukande grad digitalt av fagorganisasjonane NKRF og FKT.

Kontrollutvalet legger fram eit forslag til spesifisert budsjett for kontroll og tilsyn. Kommunestyret fastset den totale budsjetttramma.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2021 på kr 1 430 000.

66/20 Møteplan for 2021

Saksopplysingar:


Kontrollutvalet har hatt 6 møter i 2020.

Sekretariatet rår til at det vert lagt opp til 5 faste møter i 2021, og at kontrollutvalet reviderer møteplanen undervegs dersom det er behov for endringar.

Sekretariatet vil finne forslag til datoar ut i frå politisk møteplan. Framlegg til møteplan vert lagt fram og gjennomgått i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplan med følgjande møtedatoar ...



67/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Innkallingar og møteprotokollar frå politiske utval kan ein finne her:


<http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

68/20 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.



Osterøy kontrollutval

Møteprotokoll

Møtedato: 21.10.2020, kl. 11.30 – 15.45
Stad: Bankbygget i Lonevåg
Tilstade: Kato Melchersen (leiar), Margrethe Riple Ådland (nestleiar),
Ann Christin Reigstad (medlem), Ole Johannes Mjøs (medlem)
og Jon Daltveit (medlem)
Forfall:
Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit og ordførar Lars Fjellstad
Frå Osterøy Utvikling AS: Dagleg leiar Bobby Sander Tomassen og
styreleiar Rita Tveiten
Frå revisjonen: Revisjonssjef Janne Eraker og forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland,
Nordhordland Revisjon IKS
Sekretær: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Utviklingssekskap IKS

46/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møte vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:


Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 21. oktober 2020 er godkjent.

Behandling i møte:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.



47/20 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 31.08.2020

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet i kontrollutvalet 31.08.2020 vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 31. august 2020 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Ingen kommentarar til møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 31. august 2020 er godkjent slik den ligg føre.

48/20 Skriv og meldingar

- a. HS-vedtak og forskrift om adgang til fjernmøter
- b. Innkomen melding til kontrollutvalet

Saksopplysingar:


a. Heradsstyret har i sak 068/20 vedteke at møte i folkevalde organ kan haldast som fjernmøte i samsvar med reglane i kommunelova § 11-7.

Regjeringa har fremma lovproposisjon med forslag til to midlertidige lovbestemmingar, som gjev unntak frå kommuneloven og IKS-loven, og som gjev folkevalde organ moglegheit til å handsame saker i lukka møte i eit fjernmøte etter reglane i § 11-7.

b. Orientering om innkomne henvendingar og vurdering om eventuell vidare oppfølging.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.



Behandling i møte:

Kontrollutvalsleiar og sekretær orienterte om skriv og meldingar.

Den innkomne meldinga er i utgangspunktet ein sak mellom ein privatperson og kommunen, og har vore følgt opp administrativt og politisk. Kontrollutvalet har ikkje mandat til å handsame enkeltsaker på nytt eller handsame klagesaker, men kan ta med innspel som peiker på mogleg svikt i rutinar eller system inn i vurderinga for det overordna kontrollarbeidet.

Kontrollutvalet drøfta sitt mandat og rolle i denne type saker. Kontrollutvalet vurderte at dei ikkje vil gå vidare inn i enkeltsaka, men ta med innspela i meldinga inn i arbeidet med overordna risiko- og vesentlegvurdering for kontrollarbeidet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Kontrollutvalet går ikkje vidare inn i enkeltsaka, men vil ta med innspela i meldinga inn i den overordna risiko- og vesentlegvurderinga for kontrollarbeidet.

49/20 Aktuelt i Osterøy kommune

Saksopplysingar:

Rådmann er beden om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Osterøy kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.


Behandling i møte:

Rådmann orienterte om arbeidet med budsjett for 2021 og vurderinga av naudsynte tiltak for innsparing i organisasjonen. Det er stort fokus på å få til ein god prosess og vurdere alle moglege tiltak. Saka skal opp i heradsstyret i neste møte.

Rådmann orienterte vidare om dialogmøte med Fylkesmannen i Vestland om NAV og barnevernstenesta. NAV får gode tilbakemeldingar, medan barnevernstenesta har noko utfordring med ressursituasjonen og sjukemeldingar.

Det vart vidare orientert om;

- øvinga TISK innan beredskap, som vart gjennomført denne uka med kommunal kriseleinga.
- meir premanent løysing for testing av covid-19.



- barnevernstenesta.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek sak til orientering.

50/20 Forenkla etterlevingskontroll

Saksvedlegg:

Forenkla etterlevingskontroll kommunelova § 24-9, NHR

Attestasjonsuttale frå uavhengi revisor om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga, NHR

Saksopplysingar:

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga er eit av dei nye lovkrava i kommunelova, jf. § 24-9.

Nordhordland Revisjon IKS (NHR) har gjennomført forenkla etterlevingskontroll for økonomiåret 2019. Tema har vore offentlege anskaffingar i beløpsintervallet 01, - 1,3 mill. kr. Problemstillingane har vore:


- I. Er det etablert innkjøpsreglement og rutinar for innkjøp for å sikre gjennomføring av konkurranse i samsvar med regelverket?
- II. Er det gjennomført konkurranse for innkjøp i beløpsintervallet 0,1 – 1,3 mill. kr i 2019?
- III. Er det etablert protokoll over anskaffinga i samsvar med FOA § 7-1?

Etterlevingskontrollen har avdekkja enkelte manglar på området for kontrollen, og revisor tilrår at kommunen gjennomgår rutinane for offentlege innkjøp, operasjonaliserer desse og tilpassar til eigen organisasjon og vald KGV (verktøy for konkurransegjennomføring). Revisor oppmodar vidare til at ein forankrar regelverk og bruk av KGV i organisasjonen både sentralt og i einingane, samt at kommunen gjennomgår leverandørstatistikk og vurderer denne opp mot gjeldande regelverk og eventuelt gjennomfører naudsynte konkurransar.

Revisor vil i saka legge fram rapporten, revisoruttalen og tilrådingane til kommunen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til etterretning og ber om ei tilbakemelding frå



administrasjonen om oppfølging av tilrådingane til første møtet i kontrollutvalet i 2021.

Behandling i møte:

Revisor Ragnhild K. Høyland orienterte om problemstillingar og funn i forenkla etterlevingskontroll for økonomiåret 2019, og gjennomgjekk tilrådingane frå revisor.

På bakgrunn av gjennomgangen tilrår revisjonen at kommunen gjennomgår rutinane for offentlege innkjøp, operasjonaliserer desse og tilpassar til eigen organsasjon og vald KGV. Vidare oppmodar revisjonen til at ein forankrar regelverk og bruk av KGV og gjennomgår leverandørstatistikk.

Rådmann orienterte om oppfølging av kontrollen, forbetringspotensialet og utfordringar innan området. Administrasjonen har starta oppfølging av tilrådingane.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til etterretning og ber om ei tilbakemelding frå administrasjonen om oppfølging av tilrådingane til første møte i kontrollutvalet i 2021.

51/20 Eigarkapskontroll – Osterøy Utvikling AS

Saksvedlegg:

Rapport frå eigarskapskontroll av Osterøy Utvikling AS, NHR


Saksopplysingar:

Kontrollutvalet bestilte i sak 19/19 i møte 13.06.2019 ein eigarskapskontroll av Osterøy Utvikling AS, etter plan for selskapskontroll 2016 – 2020. Ein eigarskapskontroll har fokus på korleis kommunen forvaltar sine eigarinteresser.

Problemstillingane for kontrollen har vore:

1. I kva grad har kommunen etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i Osterøy Utvikling AS?
2. Korleis er verksemda i Osterøy Utvikling AS sett frå eit eigarskapsperspektiv?

Revisjonen har etter kontrollen vurdert at systemet for å ivareta eigarinteressene er mangelfult i høve til skriftlege rutinar og gjennomgangen viser at prinsippa for eigarstyring ikkje er følgd opp på alle punkt. Kommunen har økonomisk interesse i selskapet si drift, og selskapet er avhengig av inntekter ut over leigeinntekter for å



oppretthalde drifta. Likviditeten er dels lågare enn tilrådd nivå, og tilhøvet mellom kommunen og dotterselskapet Lonevåg Utvikling AS er ikkje definert.

Revisjonen tilrår i rapporten at kommunen:

- *innarbeider framlegging og handsaming av eigarskapsmelding i Heradsstyret sine planar for perioden slik krava er i ny kommunelov § 26-1.*
- *drøfter, avklarar og definerer ein eigarskapsstrategi for selskapet*
- *vurderer å i større grad følgje opp eigarskapsrepresentanten som kommunikasjonskanal mellom heradsstyret og selskapet.*
- *vurderer kva behov eigarane har for fortløpande informasjon frå selskapet, og etablere faste rutinar som oppfyller dette.*
- *utarbeidar tydelege rolle- og ansvarsskildringar som ligg til grunn for dei ulike aktørane si utøving.*
- *oppmodar om at det vert utarbeidd og vedteke styreinstruks med rammer og rutinar for styret sitt arbeid, med fokus på kompetanseutvikling.*
- *oppmodar styret om å registrere seg i KS sitt styrevervregister.*
- *gjennomgår og definerer tilhøvet mellom kommunen og Lonevåg Utvikling AS; gjennomgangen bør etter revisjonen sin vurdering definere kommunen si rolle i høve til selskapet og syte for informasjonsutveksling og styringsmoglegheiter.*
- *på bakgrunn av den økonomiske situasjonen i selskapet og dei økonomiske og tenesterelaterte tilhøva, følgje økonomien i selskapet tett og vurdere behovet for tettare eigarstyring.*

Revisor vil i møtet orientere om rapporten og svare på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dagleg leiar og styreleiar i Osterøy Utvikling AS ønskjer å vere med under handsaming av rapporten for å svare på eventuelle spørsmål.


Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i heradsstyret om å følgje opp tilrådingane. Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane i løpet av våren 2021.

Behandling i møte:

Revisor Ragnhild K. Høyland orienterte om eigarskapskontrollen av Osterøy Utvikling AS, og orienterte om problemstillingane, krava, funn og tilrådingar. For å svare på problemstillingane har revisjonen undersøkt om kommunen følgjer lovkrav og KS sine tilrådingane om:

- eigarskapsmelding,
- kommunikasjon mellom kommunen og selskapet,
- val av eigarrepresentant og nominasjon av styremedlemmer,
- system for opplæring og kompetanse,
- verksemda i selskapet sett frå eit eigarperspektiv;



herunder føremålet med selskapet, hovudpunkt i aksjelova og vedtekter, og kort om offentlege anskaffingar, rekneskapsrapportering og økonomisk drift i åra 2017 – 2018.

Ordførar Lars Fjellstad fungerer som eigarrepresentant for kommunen.

Dagleg leiar Toby Sander Tomassen og styreleiar Rita Tveiten i Osterøy Utvikling AS deltok i saka for å svare på kontrollutvalet sine spørsmål.

Kontrollutvalet drøfta funn og tilrådingar i eigarskapskontrollen og drøfta særskilt økonomien og datterselskap. Kontrollutvalet stilte spørsmål til revisor, dagleg leiar, styreleiar og ordførar.

Dagleg leiar orienterte om arbeidet og satsinga med næringsutvikling på Osterøy.

Ordførar orienterte om prosess i formannskapet og heradsstyret om arbeidet med eigarskapsmelding og eigarskapsstrategi. Styreleiar orienterte om at styret har fått oppdrag om å melde om status for selskapet til heradsstyret, og peika på behov for betre rutinar for tilbakemelding frå styret til eigarane/heradsstyret.

Kontrollutvalet peika på at det er viktig at tilrådingane frå eigarskapskontrollen vert tatt med inn i arbeidet med eigarskapsmelding og eigarstrategi, og oppmodar heradsstyret til å følgje opp dette.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i heradsstyret om å følgje opp desse i det vidare arbeidet med eigarskapsmelding og eigarstrategi. Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane i løpet av våren 2021.


Framlegg til vedtak i heradsstyret:

Heradsstyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og vil følgje opp desse i det vidare arbeidet med eigarskapsmelding og eigarstrategi. Heradsstyret vil gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet om oppfølging av tilrådingane i løpet av våren 2021.

52/20 Drøfting og innspel til risiko- og vesentlegvurdering

Saksvedlegg:

Refleksjonsnotat med vurderingsskjema, NHR/NUI



Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, samt kommunen sine eigarskap, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4 om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Føremålet med risiko- og vesentlegvurdering er å identifisere aktuelle områder for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll.

I møtet vil ein legge opp til gjennomgang og drøfting av risiko og innspel til vesentleganalysen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Revisor Ragnhild K. Høyland og kontrollutvalssekretær Tonje Husum Aarland leia drøftingsrunde med kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjennomgjekk kommunen sine eigarskap og dei ulike tenesteområda i kommunen, og vurderte risikofaktorar, vesentlegheit og aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Drøftingsinnspela vert teke med i risiko- og vesentlegvurderingane som vert lagt fram for kontrollutvalet på neste møte.

Det har vore ei tilsvarande gjennomgang med rådmann, og formannskapet får moglegheit til å gje innspel til risiko- og vesentlegvurderingane gjennom ei elektronisk spørjeundersøking.


Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

53/20 Budsjett for kontroll og tilsyn

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.



Sekretær i kontrollutvalet vil orientere nærare om dette i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Sekretær orienterte kort om rammene for budsjett for kontrollarbeidet og gjeldande avtalar.

Det er noko ulikt korleis kommunane fører dei ulike utgiftene for kontrollarbeidet, og dette kan følgjast opp for å sikre betre oversikt over kostnadene for området.

Kontrollutvalet drøfta budsjettala og det vart peika på at ein neste år bør legge opp til at framlegg om budsjett for kontrollarbeidet vert handsama i kontrollutvalet tidlegare på hausten, slik at den kan følgje saka til formannskapet før den går til heradsstyret for endeleg vedtak.

Sekretariatet merker seg innspela, og vil legge fram forslag til budsjett for kontrollarbeidet på neste møte i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

54/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Innkallingar og møteprotokollar frå politiske utval kan ein finne her:

<http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>


Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Kontrollutvalet drøfta aktuelle saker i kommunen og om bruk av møteportalen.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

55/20 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Ingen saker under eventuelt.

Samrøystes vedtak:

Ingen saker under eventuelt.

Neste møte: 16. november 2020.

Osterøy, 21.10.2020

Kato Melchersen
Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Til Kontrollutvalget i Osterøy Kommune

Kopi:
Kommunestyret
Kommunedirektøren

Bekreftelse av revisors uavhengighet

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, avgir undertegnede oppdragsansvarlig revisor med dette sin egenvurdering av vår uavhengighet til kontrollutvalget. Undertegnede er kjent med at kravet til uavhengighet og objektivitet også gjelder for revisors medarbeidere. I Nordhordland Revisjon IKS sine revisjonsplaner inngår en vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i virksomhetens revisjonsteam som et eget punkt i revisjonsplanen.

Oppdragsrevisors egenvurdering av kravene

Forskriftskrav	Egenvurdering
1. Krav til revisors uavhengighet, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.
2. Revisors tilknytning til den reviderte virksomheten, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet. Heller ikke revisors nærstående har slik tilknytning.
3. Revisors stillinger, verv og tjenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 a. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen.
	§ 18 b. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i, eller er eier av.

	<p>§ 18 c. Undertegnede bekrefter at revisor ikke er medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av, utover at revisors virksomhet utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap.</p> <p><i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organ i noen virksomhet som Osterøy kommune deltar i med unntak av Nordhordland Revisjon IKS og Nordhordland Revisjon AS.</i></p>
	<p>§ 18 d. Undertegnede bekrefter at revisor ikke deltar i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som medfører at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren.</p>
	<p>§ 18 e. Undertegnede bekrefter at revisor ikke utfører rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.</p>
	<p>§ 18 f. Undertegnede bekrefter at revisor ikke yter tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrollopgaver.</p>
	<p>§ 18 g. Undertegnede bekrefter at revisor ikke opptrer som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.</p>

Isdalstø, 2. november 2020

Nordhordland Revisjon IKS



Janne Eraker
Revisjonssjef

Risiko- og vesentlegvurdering

Del 1

Grunnlagsdokument til utarbeiding av
plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024



Osterøy kommune



Innhald

1. Bakgrunn, føremål, metode og risikovurdering	3
2. Organisering	5
3. Administrasjon og støttetjenester	8
4. Oppvekst og utdanning	13
5. Helse, omsorg og sosial	18
6. Kultur og fritid	22
7. Teknisk drift og forvaltning.....	25
8. Oppsummering frå risiko- og vesentlegvurderingane.....	29
9. Kjelder.....	32

Utarbeida etter oppdrag frå kontrollutvalet i Osterøy kommune
November 2020



1. Bakgrunn, føremål, metode og risikovurdering

1.1 Bakgrunn

Plan for forvaltningsrevisjon skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering, jamfør kommunelova kapittel 23 om oppgåvene til kontrollutvalet ved forvaltningsrevisjon.

Nordhordland Revisjon IKS og kontrollutvalssekretariatet v/Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har etter oppdrag frå kontrollutvalet utarbeida dette grunnlagsdokumentet, etter vedteke prosjektplan i sak 31/20 i møtet 08.06.2020.

Risiko- og vesentlegvurderinga vert presentert i to ulike grunnlagsdokument for analyse av høvesvis forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

1.2 Føremål

Føremålet med risiko- og vesentlegvurdering er å identifisere aktuelle områder for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontrollar. Risiko- og vesentlegvurderingane skal danne grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet prioriterer vidare kva prosjekt som bør inngå i plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, og innstiller til vedtak i kommunestyret.

1.3 Metode

Datagrunnlaget til risiko- og vesentlegvurderingane byggjer på dokumentgjennomgang av aktuelle kommunale planar, årsmeldingar og rapportar, analyse av KOSTRA-statistikk samt innspel- og drøftingsrundar med politisk og administrativt nivå.

Drøfting- og innspelsrunde til analysen har vore gjennomført med kontrollutvalet i sak 52/20 i møtet 21.10.2020, med administrativ leiing i møtet 21.10.2020, og ved gjennomføring av spørjeundersøking i formannskapet i oktober 2020.


Dersom ein i risiko- og vesentlegvurderingane for eigarskapskontroll identifiserer aktuelle selskap for forvaltningsrevisjon, vil dette eventuelt vere ein del av plan for forvaltningsrevisjon.

1.4 Risiko- og vesentlegvurdering

Kommunal verksemd er summen av dei tenestene og rettane kommunen som organisasjon skal ivareta. Rammene for den kommunale verksemda er sikra gjennom ulike lovar og forskrifter, mellom anna kommunelova - som skal leggje til rette for at kommunen kan yte tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane, utøving av offentleg mynde, og bidra til effektive, tillitsskapande og berekraftige kommunar, jf. § 1-1.



Sektorhjulet illustrerer korleis ein kommune kan delast inn og sentrale forhold som kan vere relevant å vurdere i samband med risiko- og vesentlegvurderingane.



Figur 1: ROV-hjulet - illustrasjon av sektorinndeling.

Risiko- og vesentlegvurderingane skal identifisere aktuelle område for forvaltningsrevisjon og risikoen vert derfor vurdert i forhold til etterleving av lover og føresegnar, økonomi, produktivitet og måloppnåing.


Under kvar sektor er det omtala sentrale lover, identifiserte område som er vurdert som særleg relevant for forvaltningsrevisjon, samt tilrådde område og tema til plan for 2020 – 2024.



2. Organisering

2.1 Organisasjonskart

Organisasjonskartet under viser Osterøy kommune sin administrative organisering for 2020.



Figur 2: Organisasjonskart over Osterøy kommune 2020.




2.2 Økonomi, geografi, demografi og utvikling

Osterøy kommune vert definert av Statistisk sentralbyrå (SSB) under KOSTRA-gruppe 10: «Mellomstore kommuner med middels bundne kostnader og lave frie disponible inntekter», saman med 23 andre kommunar.¹

Netto driftsresultat er ofte nytta som mål på kommunen sin økonomiske handlefridom og seier noko om balansen i økonomien. Kommunen hadde eit netto driftsresultat i 2019 på -0,6 %, noko som er under tilrådd nivå på 1,75 %.

Figuren under viser korleis kommunen sine utgifter er fordelt til ulike sektorar i kommunal verksemd:



I 2. kvartal 2020 var det 8 104 innbyggjarar i Osterøy kommune. Ifølgje SSB er forventa auke i innbyggartal 8 287 innbyggjarar i 2030 og om lag 8 863 innbyggjarar i 2050.



Kommunens driftsutgifter per innbygger[†]

2019

86 121 kroner



Kommunens driftsinntekter per innbygger[†]

2019

85 583 kroner

Kilde

[Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå](#)


Kommunen sine berekna driftsutgifter per innbyggjar er høgare enn driftsinntektene per innbyggjar.

Kommunen har eit samla areal på 255,1 km², dette utgjer 33 innbyggjarar per km². Det er 2 941 einbustadar, 112 leilegheiter og 784 hytter i kommunen. Om lag 16 % bur på landbrukseigedom.

¹ SSB rapport: «Gruppering av kommuner etter folkemengde og økonomiske rammebetingelser 2018».



Aldersfordeling per 1. januar 2020



Figur 3: Aldersfordeling per 1 januar 2020. Kjelde: SSB

Figuren over viser aldersfordelinga blant innbyggjarane i Osterøy kommune per 1. januar 2020.

2.3 Overordna målsettingar

Kommuneplan for Osterøy var sist vedteke i 2003 og gjaldt fram til 2014. Kommuneplanen sin arealdel vart vedteke i 2010, revidert i 2011 og gjaldt for perioden 2011 – 2023. Ny kommuneplan er under utarbeiding, og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke i 2015 med målsettingar fram mot 2030. I planprogrammet vert det peika på sentrale utfordringar og felles verdigrunnlag, og ulike plantema;

- Sentrale utfordringar og felles verdigrunnlag
- Folketalsutvikling
- Eit godt og helsefremjande samfunn
- Inkludering og mangfald
- Oppvekst
- Fritid og fellesskap
- Kunnskap og kompetanseutvikling
- Arealstrategi; bustad, infrastruktur, natur, næring og servicetilbod
- Arbeid og næringsliv
- Natur, kultur og miljø

Heradsstyret har overordna ansvar for heile kommunen si verksemd og er kommunen sitt øvste politiske organ. Delegering av mynde frå heradsstyret til rådmannen var handsama og vedteke i sak 074/18. I 2018 vart det også vedteke reglement kring delegering av mynde, og reglement for politiske utval.



3. Administrasjon og støttetjenester

3.1 Lover og forskrifter

Administrasjon og støttetjenester omfattar i stor grad sektorovergripande område.

Sentrale lover og forskrifter er:

- Kommuneleien
- Forvaltningslova
- Offentleglova
- Lov om offentlege anskaffelser
- Lov om offentlig støtte
- Arbeidsmiljøloven
- Likestillingsloven
- Personopplysningsloven
- Arkivlova
- Forskrift om internkontroll

3.2 Sentrale område; utvikling, mål, statistikk og risiko

3.2.1 Organisasjon og personale

Døme på risikofaktorar i kommunal forvaltning innan organisasjon og personale kan vere organisering, kapasitet til å utføre tenester, kompetanse, trivsel og kollegiale forhold.

I desember 2019 var det 790 tilsette i Osterøy kommune, fordelt på 617,3 årsverk. I 2019 var samla fråvær i kommunen på 8 %, som er høgare enn tidlegare, men under landsgjennomsnittet i 2019. Ny IA avtale frå 2019 skal mellom anna gje tydelegare oppfølgingstiltak i regi av NAV.

Kommunen har dei siste åra hatt fokus på organisasjonsutvikling, og mellom anna jobba aktivt med strategisk rekruttering og innføring av ny rekrutteringsrettleiar saman med nytt rekrutteringssystem. Det har i 2019 vore jobba med kompetanseløft innan prosjektleiing og prosessleiing, samt leiarutvikling, og kommunen har innført eit nytt digitalt medarbeidarverktøy. Det er ikkje utarbeidd felles kompetanseplan for kommunen og vurderingar av naudsynt kompetanseauke vert gjort sektorvis. Avdelinga Løn, personal og organisasjon ivaretek overordna personalfunksjonar, rådgjeving og støtte til einingane, HMS, fagopplæring og løn. Per 01.01.2020 vil Osterøy ha 8 løpande lærlingkontraktar, der 7 av desse er helsefagarbeidarar og ein er barne- og ungdomsarbeidar.²

Årsmeldinga peika på at kommunen skal innføre nye likelønstiltak i lønspolitisk plan som har vore planlagt revidert i 2020.

² Budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023.



3.2.2 Internkontroll

Ny kommunelov medfører ein del endringar i internkontrollføresegner for kommunesektoren. Etter Kommuneloven § 25 skal internkontrollen vere systematisk, risikobasert og tilpassa dei konkrete forholda og behova i kommunen som heilheit og i dei ulike delane av kommunen si verksemd. Ettersom det er kommunedirektøren i kommunen som utfører tenesta som har ansvar for tenesteytinga, er det viktig at det er etablert eit godt styringssystem for å følgje opp og sikre at tenester vert levert etter lovkrav, mål og behov.

Osterøy kommune brukar KF kvalitet i arbeidet med internkontroll, som er eit skybasert kvalitet- og internkontrollsystem utarbeida av KS. Løysinga inneheldt mellom anna oppdatert lovverk og forskrifter, sentrale rettleiarar, avvikshandsaming, HMS-handbok, interaktivt årshjul, forslag til rutinar og malar. Frå januar 2021 vert KF kvalitet fasa ut, og kommunar som bruker denne i dag er oppmoda om å finne eit anna verktøy for å sikre eit heilskapleg internkontrollsystem.

Frå 1.1.2020 vart føresegnene om varsling i arbeidsmiljøloven endra. Utgangspunktet for endringane var å styrke vernet av varslaren, gjere det lettare å forstå kva tilhøve varslingsføresegnene gjeld for og korleis ein skal varsle. Arbeidsgjevar si plikt til å følgje opp varsling vart også skjerpa ved endringa. Kommunen er etter arbeidsmiljøloven § 2 A-6 pliktig å ha interne rutinar for varsling. Osterøy kommune innførte i 2019 oppdaterte rutinar for varsling av ulovlege eller kritikkverdige tilhøve og har følgjer desse systematisk opp gjennom varslingsutval. Alle tilsette skal ha gjennomgått Difi sitt e-læringskurs om varsling innan mars 2020.³

3.2.3 Styringssystem, planlegging og oppfølging av vedtak

Vedtak vert gjort både på administrativt og politisk nivå. Kommunar bør etablere føremålstenlege system for å sikre oppfølging av politiske vedtak og administrative vedtak ute i einingane. For politiske vedtak kan vedtaksutforming, rapportering og kontinuitet vere sentrale problemstillingar. Innan spesifikke fagområde kan det vere stor grad av lovregulering kring vedtaksprosess, tidsfristar, og innhald. Saksmengda av saker og vedtak i fagområde- og einingar har ofte ein samanheng med tal innbyggjarar / tenestemottakarar.

Grad av eigarstyring og avhengigheit til andre leverandørar/aktørar vert sett på som ein risikofaktor. Det er vanleg at kommunar samarbeider om lovpålagte tenester, som til dømes gjennom vertskommunesamarbeid eller andre organiseringar. Regionalt er Osterøy av dei større kommunane og kjøper samanlikna med andre mindre lovpålagte tenester. Kommunen har etablert samarbeid mellom anna om legevaksordning og ØHD-senger i eit vertskommunesamarbeid med kommunar i Nordhordland.

3.2.4 Arkiv, datasystem og IKT

Kommunar handsamar store mengder informasjon og saksdokument i elektroniske system. Denne informasjonen omfattar både informasjon som er teiepliktig og informasjon som skal vere offentleg. Kommunen må såleis ha gode system og rutinar som både sikrar forsvarleg handsaming av sensitiv informasjon og personvern, samt offentlegheit og innsyn i samband med sakshandsaming, postlister, journalføring og arkivering av post- og saksdokument. Dette stiller store krav til kunnskap i organisasjonen og datasystem.

³ Årsmelding 2019.



Generelt kan ein vurdere at system, konfidensialitet, vedlikehald og bruk av teknologiske system er interne risikofaktorar. Graden av systemintegrasjon og infrastruktur i datasystema påverkar også dette risikobildet. Dersom systema ikkje følgjer den teknologiske utviklinga og er oppdaterte vil det auke risikoen for avvik eller manglar.


Osterøy kommune samarbeider med kommunar i Nordhordland om IKT-tenester gjennom IKT Nordhordland. Samarbeidet har frå 2011 vore organisert som eit vertskommunesamarbeid der Osterøy kommune har vore vertskommune. I 2020 vart organiseringa av IKTNH endra til eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunleova § 19.

Dokumentavdelinga har dokumenthandtering og arkiv som hovudoppgåve. Osterøy kommune har ei nettbasert arkivplan (arkivplan.no) som vert nytta som eit kvalitetssystem for arkiv- og dokumentasjonsforvaltning og inngår i kommunen sin internkontroll. Frå 2014 var sakarkivet fullelektronisk, og kommunen nyttar felles sentralarkiv for alle administrative einingar gjennom sak- og arkivsystemet Acos WebSak. Osterøy kommune har avtale med Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS om overføring av depotoppgåver.

3.2.5 Økonomisk forvaltning


Generelt er økonomisk stilling, lånegjeldbelastning og betalingsevne døme på eksterne risikofaktorar innanfor økonomiforvaltning.

Osterøy Kommune si langsiktige gjeld ligg under snittet for kostragruppa, landet og fylket.



Figur 4: Langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktelser) i prosent av brutto driftsinntekter. Kjelde: SSB

Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter er også noko lågare i Osterøy enn snittet for kostragruppa, landet og fylket.



Figur 5: Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter. Kjelde: SSB

Økonomikontoret i Osterøy kommune arbeidar med hovudområda budsjett og økonomiarbeid, rekneskap og rapportering, fakturering, innkrevjing, innkjøp, finans og eigedomskontor, og er støttefunksjon for Rådmann, stab og øvrige sektorar.

Forenkla etterlevingskontroll for økonomiåret 2019 hadde fokus på offentlege anskaffingar, og administrasjonen følgjer opp dei tilrådingane dei fekk. Kontrollutvalet har bede om å få orientering om oppfølging av denne kontrollen i første kvartal i 2021.



3.3 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

3.3.1 Drøftingsrunde i kommunen

Gjennom drøftingsrunden i Osterøy kommune er områda under trekt fram som aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Styringssystem: Planlegging, rapportering og oppfølging.
- Strategisk arbeid og utvikling
- Offentlege innkjøp
- Vedtaksoppfølging
- Digitale verktøy og effektivisering på økonomiområdet

3.3.2 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

Basert på gjennomgangen av sektoren og innspel frå drøftingsrunden vil vi trekkje fram følgjande område innanfor administrasjon og støttetjenester som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

Område	Tema
<i>Styringssystem</i>	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Utforming og oppfølging av politiske vedtak</i> - <i>Planlegging, oppfølging og rapportering</i> - <i>Strategisk arbeid og utvikling</i>
<i>Internkontroll</i>	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Internkontrollsystem</i> - <i>Avvikshandtering</i> - <i>Varsling, etikk og habilitet</i>
<i>IKT og digitale verktøy</i>	<ul style="list-style-type: none"> - <i>IKT Nordhordland</i> - <i>Offentlege innkjøp</i>




4. Oppvekst og utdanning

4.1 Lover og forskrifter

Kommunen har fleire store ansvarsområde innan oppvekst og utdanning, og det er mange lovkrav og forskrifter som regulerer dei tenestene som kommunen skal kunne gje innbyggjarane.

Dei mest sentrale innan området er:

- Barnehageloven og forskrifter knytt til barnehage
- Opplæringslova og forskrift knytt til grunnskulen



4.2 Sentrale område; utvikling, mål, statistikk og risiko

4.2.1 Generelt

Risikofaktorar som kan knytast til oppvekstsektoren er mellom anna kvalitet på tenesta, fysisk og psykisk miljø, kompetanse, rekruttering, tilgjengelegheit og organisering. Kommunen er barnehage- og skuleeigar, og har oppfølgingsansvaret kring barnehagelova, opplæringslova, forskrifter og diverse rettleiarar for gjennomføring av tenestene.

Frå 2021 vert nye føresegner i barnehagelova om barna sine rettar til eit trygt omsorgs- og læringsmiljø i barnehagen gjeldande. Endringa lovfestar krav i rammeplanen for barnehage om at barnehagane skal arbeide systematisk for å forebygge utestenging og mobbing og at dei skaper eit godt miljø der barna trivst og er sosialt inkludert.

Frå hausten 2021 vert det gjeldande ny rammeplan for skulefritidsordningane. Utkastet til rammeplan vert sendt på høyring hausten 2020 og byggjer på (Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO).

Oppvekstsektoren i Osterøy kommune har hatt *tidleg innsats for livslang læring* som eit gjennomgripande mål for sektoren, og handlar om å skape trygge og gode oppvekstmiljø slik at barn og unge kan få gode vilkår for ein god start i livet. Kommunedelplan for oppvekst 2019 – 2023 omfattar kommunen sine tenester, i tillegg til private og frivillige institusjonar, lag og organisasjonar sitt arbeid retta mot born, ungdom og unge vaksne. Planen peiker på utfordringar og behov, strategiar og tilrådingar, ut frå desse delmåla for perioden:

1. *Born, ungdom og unge vaksne skal utøva og forstå verdien av mangfald, inkludering og toleranse. Osterøy kommune skal ha null toleranse for utestenging og mobbing.*
2. *Born, ungdom og unge vaksne i Osterøy kommune skal oppleve å ha gode relasjonar til andre born og vaksne i heimen, barnehagen, på skulen og på fritida. Med opplever meiner me frå barnet sitt utgangspunkt.*
3. *Leggja til rette for utvikling av god psykisk og fysisk helse hjå alle born og unge i Osterøy kommune.*




4. Osterøy kommune skal medverka til at born, ungdom og unge vaksne på Osterøy utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og evne til omstilling for å leva eit godt liv som individ og medborgarar.
5. Osterøy kommune skal ha eit fysisk oppvekstmiljø som er trygt for born, ungdom og unge vaksne og som legg til rette for betre fysisk helse, aktivitet, sosial samhandling og inkludering.
6. Born, ungdom og unge vaksne skal ha eit variert, tilpassa og tilgjengeleg kultur- og fritidstilbod.
7. Å leggje til rette for at alle born, ungdom og unge vaksne kan medverka til å utvikla lokalsamfunnet, og ta born sin involvering, medverknad og deira engasjement på alvor, og gje dei faktisk påverknad i avgjerdsprosessar som vedkjem dei.⁴

Kommunedelplan for oppvekst har ein handlingsdel som tek opp strategiar, tiltak, ansvarsområde, tidsperspektiv, økonomi og evaluering/måling innan kvart delmål.

4.2.2 Barnehage

Det er åtte barnehagar i Osterøy kommune, seks av desse er kommunale og utgjer om lag 76 % av barnehageplassane. Av barn i alderen 1-5 år har 88,8 % barnehageplass, noko som er lågare enn snittet for kostragruppa, landet og fylket.⁵

Barnehagane har gjennomført foreldreundersøking i 2019, der gjennomsnittleg foreldretilfredsheit er 4,4⁶ mot nasjonalt snitt på 4,5.⁷



Figur 6: Netto driftsutgifter barnehage, per innbygger 1-5 år. Kjelde: SSB

Figuren over viser netto driftskostnader til barnehage per innbyggjar i barnehagealder. Kommunen har låge utgifter i høve til andre. Om ein ser på prosentvise utgifter til barnehagar er kommunen på gjennomsnittet⁸.

⁴ Kommunedelplan for oppvekst 2019 – 2023.

⁵ Kostragruppe 10: 90,8; Landet: 92,4; Fylket: 93,1.


⁶ Fotlandsvåg:4,5 ; Hauge:4,7 ; Haus:4,4 ; Lonevåg:4,4 ; Mjøsdaalen:4,4 ; Osterøy Gårds- og friluftsbarnhage AS:4,2 ; Reppen barnehage AS:4,5 ; Valestrand barnehage: 3,8

⁷ Maksimal verdi er 5,0. Kjelde: barnehagefakta.no

⁸ Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent).



Gjennomsnittleg leike- og opphaldsareal er 5,7 m² per barn, nasjonalt snitt er 5,8 m². Barnehagane har i snitt⁹ 5,6 barn per tilsett, medan nasjonalt snitt er 5,7. 87,5 % av barnehagane oppfyller pedagognormen, medan 12,5 %¹⁰ har dispensasjon.



Figuren til venstre viser tilsette si utdanning i Osterøy kommune og nasjonalt gjennomsnitt for barnehagar per 2019.


Barnehagane i Osterøy har hatt desse målsettingane i 2019:

1. Eit godt språkmiljø i alle barnehagane
2. Berekraftig utvikling og friluftsliv
3. Livsmeistring og helse.¹¹

I 2019 vert det vist til at ein har auka kompetanse hos personalet om barn sin språkutvikling og språkarbeid i barnehagen, og at barnehagane har arbeida systematisk og målretta med alle barn sin språkutvikling.

4.2.3 Skule

Osterøy kommune har ni skular, der fire er private. Skuleåret 2019-2020 er det 1045 elevar, der 6 av elevane bur i andre kommunar. Kommunen har ein gjennomsnittleg gruppestorleik på 13,4 elevar per lærar, medan snittet for landet og kostragruppa er 15,8.



Kommunen nyttar 23,2 % av netto driftsutgifter til skule, noko som er på nivå med landet og fylket¹², medan kostragruppa ligg noko høgare med 24,6 %. Figuren til venstre viser driftsutgiftene per elev i grunnskulealder som er noko lågare enn for kostragruppe, landet og fylket.

Figur 7: Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr). Kjelde: SSB

Osterøy: 14,7; Kostragruppa: 14,8; Landet: 14,3; Fylket 15,4.

⁹ Fotlandsvåg:5,0 ; Hauge:5,7 ; Haus:5,7 ; Lonevåg:5,6 ; Mjøsdaalen:5,3 ; Osterøy Gårds- og friluftsbarnhage AS:5,4 ; Reppen barnhage AS:5,7 ; Valestrand barnhage: 5,1

¹⁰ Mjøsdaalen barnhage

¹¹ Årsmelding 2019.

¹² Landet: 23; fylket: 23,6.



Visjonen til grunnskulane i Osterøy kommune er «Lærelyst og meistring for framtida». Grunna låg score på lesedugleik i mange år, har det i 2019 vore sett fokus på eit utviklingsarbeid innan dette.

Kommunen utarbeider årleg tilstandsrapport som inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren. I rapporten er det peika på Osterøy kommune sitt system for kvalitetssikring og oppfølging:

- *Kommunalt vedtekne mål for kvalitetsutvikling.*
- *Skulane rapporterer i sin tilstandsrapport/årsmelding ved slutten av kvart skuleår.*
- *Oppfølging gjennom utviklingssamtalar mellom skuleeigar og kvar skule representert ved rektor og plangruppa ved skulen.*
- *Målretta kompetanseutvikling av lærarar og skuleleiarar. Eigen kompetanseutviklingsplan.*
- *Kvalitetsvurdering i skulen og lærande organisasjonar.¹³*

I elevundersøkinga for skuleåret 2019-2020 har kommunen resultat som ligg relativt tett på nasjonalt snitt på alle område. Om ein ser på resultatata for dei ulike trinna gjev 10. klasse likt eller betre resultat enn nasjonalt snitt på alle område, medan 7. klasse gjev lågare resultat enn nasjonalt snitt på alle område. I elevundersøkinga har 5,2 % av elevane i 10. trinn svart at dei opplever mobbing¹⁴ på skulen, medan tilsvarende tal for 7. klasse er 10 %. I tilstandsrapport for grunnskulen 2017 - 2018 er det mellom anna omtala at barneskulane har samarbeidd om å utarbeide felles rutinar og system for å betre læringsmiljøet, gjennom læringsmiljøprosjektet som har hatt som hovudmål: «Å betre læringsmiljøet og redusere mobbinga i kommunen og på skulane i kommunen».

4.2.4 SFO

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. klasse og for barn med særskilte behov på 1. – 7. klasse. Reglane om elevane sitt skulemiljø gjeldt også for skulefritidsordninga, og den skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna.¹⁵ I nasjonal evaluering av SFO, er eit av hovudfunna at det nasjonalt er svært stor variasjon på utforming, innhald, målsetningar og kvalitet i skulefritidsordning. Ein nasjonal rammeplan for SFO er under utarbeiding og skal takast i bruk frå hausten 2021.

I Osterøy kommune nytta 46,2 % av elevane SFO/AKS i 2019.

4.2.5 Familiens hus

I 2019 vart tenestene barnevern, PPT, barne- og familieteamet, helsestasjonen og skulehelsetenesta samlokalisert i det nye Familie- og omsorgssenteret. Det har vore fokus på å hente ut effekten av samlokalisering ved meir koordinerte tenester for born, unge og deira familiar.

I årsmeldinga for 2019 var det peika på eit omfattande arbeidsrelatert sjukefråvær innan barnevernstenesta. Det har vore rekordauke i tal meldingar frå 2017 til 2019, og det er komplekse og krevjande saker. Tal bekymringsmeldingar har auka frå 69 i 2017 til 110 i 2019.¹⁶ Kommunen har høgare prosent barn med melding, og barn med undersøking i høve til innbyggjarar 0-17 år enn

¹³ Tilstandsrapport for grunnskulen 2017-2018.

¹⁴ Andel elevar som seier at dei blir «mobbet av medelever, mobbet digitalt (på skolen) og/eller mobbet av voksne på skolen 2-3 gonger i måneden eller oftere».

¹⁵ <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfoaks/faktorer-for-kvalitetsutvikling/regelverk-for-sfo/>.

¹⁶ Årsmelding 2019.



snittet for kostragruppa, landet og fylket. Kommunen ligg også over snittet for barn med barnevernstiltak ifht. innbyggjarar 0-22 år. Andelen undersøkingar med handsamingstid innan tre månadar var 71 %, medan snittet for kostragruppa er 86 % og for landet og fylket 88 %. Barnevernstenesta samarbeidar i stor grad med barnevernvakten i Bergen kommune.

Helsestasjonen har grunna auke i stillingar vore meir til stades på skulane og gjennomført undervisning om relevante tema. Det har vore nedgang i tal besøkande til helsestasjonen for ungdom, noko ein har fokus på i vidare arbeid.

PPT har dei siste åra hatt fokus på å i større grad bidra til kompetanse- og organisasjonsutvikling i barnehagar og skular for å slik hjelpe borna på eit tidleg tidpunkt ved å vere ein drøftingspartner. Det har vore gradvis nedgang i individsaker dei siste åra. I følgje årsmeldinga har PPT, grunna utskifting av personale i 2019, vore noko forseinka med sakkunnig vurderingar etter lovkravet om rimeleg tid.

Barn og Familieteamet har etter innflyttinga i Familiens hus merka auka etterspurnad for drop-in samtalar, rettleiing frå private og frå andre tenester i kommunen. Særleg psykologtenesta har i 2019 merka høgare etterspurnad enn det dei har hatt ressursar til å følgje opp.

4.3 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

4.3.1 Drøftingsrunde i kommunen

Gjennom drøftingsrunden i Osterøy kommune vart det særleg peika på desse områda/tema som aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Barnehage og dekningsgrad
- Spesialundervisning
- Skuleskyss
- Psykososialt miljø
- Barnevern

4.3.2 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

Basert på gjennomgangen av sektoren og innspel frå drøftingsrunden vil vi trekkje fram følgjande område/tema som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

Område	Tema
Oppvekst	-Psykososialt miljø i barnehage, skule og SFO -Kvalitet i SFO -Tilpassa opplæring
Barnevern	-Tidleg innsats og førebyggjande arbeid




5. Helse, omsorg og sosial

5.1 Lover og forskrifter

Tenester innan helse, omsorg og sosial omfattar eit breitt spekter av brukargrupper og møter alle aldersgrupper. Det er omfattande lover og forskrifter som regulerer tenestene og dei rettane innbyggjarane har krav på innan tenestene.

Sentrale lover og forskrifter innan område er:

- Helse- og omsorgstjenesteloven
- Smittevernsloven
- Helsepersonelloven
- Helseregisterloven
- Sosialtjenesteloven
- Barnevernloven
- Forskrift om helsestasjons- og skolehelsetjenesten



5.2 Sentrale område; utvikling, mål, statistikk og risiko

5.2.1 Generelt

Innan helse, omsorg og sosial er det fleire risikofaktorar som kan vere gjeldande, mellom anna; kompetanse og kvalitet i tenesta, kapasitet og organisering, helsebelastande arbeid, sikkerheitsrutinar og konfidensialitet. Innan sektoren vert det nytta fleire digitale verktøy, sakhandsamingssystem og samhandlingssystem som kan gje andre risikofaktorar.


Innan helse, omsorg og sosial er følgjande tenester organisert: helsetenester, NAV sosial, Osterøytunet, heimetenesta, psykisk helse- og rusomsorg og bu- og avlastningstenesta. Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2013 – 2022 legg til grunn følgjande visjon for helse- og omsorgstenestene: «helse i alt me gjer» og har definert følgjande hovudmål for perioden;

- *Osterøy kommune skal gjennom planperioden levara gode og samordna tenester innan helse-, omsorg og sosial til innbyggjarane i kommunen.*
- *Gjennom tverrsektoriell innsats i eit folkehelseperspektiv skal me samarbeida under fana; «Helse i alt me gjer».*
- *Syta for at tenesta er budd og kunnig til å møta framtidige utfordringar når det gjeld behov, oppgåver og organisering.*

Nokre av måla i 2019 har vore å iverksette Strategi og Prinsipp for Helse- og omsorgstenestene, innføre DigiHelse, og starte opp arbeidet med Demensvenleg kommune. I årsmeldinga for 2019 er det gjennomgang av oppnåing av politiske vedtak for 2019 for tenester innan helse, omsorg og sosial.




Osterøy kommune har noko høgare utgifter til kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar samanlikna med KOSTRA-gruppe 10, gjennomsnittet i landet og fylket. Kommunen nyttar 34,9 % av netto driftutgifter til omsorgstenester og ligg såleis litt over snittet for kostragruppa, landet og fylket¹⁷. Kommunen har også høgare utgifter per opphaldsdøgn i institusjon¹⁸ enn snittet.



Figur 8: Utgifter til kommunale helse- og omsorgstjenester. Kjelde: SSB

I 2019 starta ein prosess med omorganisering av 6,3 årsverk då ei gruppe på Osterøytunet vart stengt. Det har vore auka behov for personell på natt som har gitt ei auke på 1,8 årsverk.¹⁹



Figur 9: Andel innbyggere over 80 år som mottar hjemmetjenester eller er beboer på sykehjem. Kjelde: SSB

Figuren over viser andel innbyggjarar på 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim eller som mottar heimetenester. Kommunen har noko høgare andel innbyggjarar som mottar heimetenester og noko lågare andel som er bebuarar på sjukeheim enn kostragruppe, landet og fylket.

På Osterøytunet er 96,5 % av romma er brukartilpassa med eige bad /wc, noko som er over snittet for kostragruppa, landet og fylket.

¹⁷ Osterøy: 34,9; Kostragruppe 10: 32,4; Landet 32,4; Fylket: 31,1


¹⁸ Osterøy 4402; Kostragruppe 10: 4024; Landet utan Oslo 3842; Hordaland 3730

¹⁹ Årsmelding 2019.



Eininga helsetenester er organisert med desse tenestene: forvaltning, ergo- og fysioterapitenesta, legetenesta, kommuneoverlege, støttekontakt og omsorgsløn.

Figuren under viser avtalte årsverk til høvesvis, lege, fysioterapeut og helsestasjon- og skolehelseteneste.



Figur 10: Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere. Kjelde: SSB

Osterøy kommune deltek i vertskommunesamarbeidet om legevaktteneste, som frå mars 2021 vil vere plassert i Region Nordhordland Helsehus i Knarvik.

Bu- og Avlastningstenesta (BUA) leverer helse- og omsorgstenester til menneske med utviklingshemming og andre funksjonshemmingar. Tal brukarar har gått ned frå 2017 til 2019, medan tal vedtak og vedtakstimar per år har hatt omfattande auke i same periode. Mange brukarar har fleire tenester og får difor fleire vedtak. Tenesta hadde eit overforbruk på om lag 4,9 mill. kr, og refusjon for ressurskrevjande brukarar er redusert for 2019 med ca. 2,6 mill. kr. mindre enn budsjettet.²⁰

NAV har dei siste åra hatt særleg satsing på aldersgruppa under 30 år og 2019 har vist ein nedgang i personar mellom 18 – 24 år som mottar sosiale ytingar.

²⁰ Årsmelding 2019.



5.3 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

5.3.1 Drøftingsrunde i kommunen

Gjennom drøftingsrunden i Osterøy kommune vart det særleg peika på desse områda/tema som aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Kompetanse og rekruttering
- Legedekning
- Psykisk helse
- Samhandling og koordinerande eining

5.3.2 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

Basert på gjennomgangen av sektoren og innspel frå drøftingsrunden vil vi trekkje fram følgjande område/tema som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

Område	Tema
Helse- og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> - Personalpolitikk, kompetanse og rekruttering - Koordinerande eining og samhandling




6. Kultur og fritid

6.1 Lover og forskrifter

Nokre sentrale lover og forskrifter innan område:

- Gravferdsloven
- Folkebibliotekloven
- Kulturminneloven
- Kulturlova



6.2 Sentrale område; utvikling, mål, statistikk og risiko

I kommunedelplan for oppvekst – handlingsdel 2019, er nokre av strategiane og tiltaka knytt til kultur og fritid, mellom anna «sikra eit mangfaldig fritidstilbod for born og unge, utan betydelege økonomiske tersklar for deltaking».²¹

I årsmeldinga for 2019 vert det peika at kulturskulen lukkast med å tilby eit rikt utval av aktivitetar; instrumentopplæring, dans, media, digital musikkproduksjon, visuell kunst og teater. Kulturskulen yter tilbod til 22,8 % av borna i kommunen, noko som er over snittet for kostragruppa, landet og fylket²². Årsmeldinga viser til at elevtalet er stabilt på rundt 280 elevplassar fordelt på 245 elevar.²³ Per 31.12.2019 var det 5,28 % stilling innan kulturskulen.

I 2019 har det mellom anna vore fokus på rekrutteringsprosjekt for folkemusikk i SFO tid, og ein har fått på plass ei song og musikkstund i barnehagane kvar veke. Det var også arrangert Kulturfest i Osterøyhallen i 2019 i samarbeid med Osterøy integrering og læringscenter (OIL) og frivillig kulturliv i kommunen.

I skuleåret 2019/2020 har kommunen fått støtte av utdanningsdirektoratet til eit prosjekt for å arbeide med lesestimulering i grunnskulen, og har gitt ein midlertidig stillingsauke til bokbussbibliotekaren og til bibliotekarbeid på kvar skule.


I 2008 vart kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vedteke for perioden 2008 – 2019. Kommunedelplanen er eit politisk styringsdokument for felte som planen dekker, og skal vera grunnlag for administrasjonen sitt arbeid innan idrett og friluftsliv. Måla for perioden har vore:

- *Osterøy kommune skal leggja til rette for at folk i alle aldersgrupper får høve til fysisk aktivitet og naturopplevingar ut frå eigne føresetnader og behov.*
- *I planperioden skal barn og unge prioriterast.*
- *Det er eit overordna mål at anlegg og friluftsområde har universell utforming, dvs. vert brukelege og tilgjengelege for alle.*
- *Utvikla tilbodet til den uorganiserte aktiviteten i nærmiljøa.*
- *Informera om naturgrunnlag, tilgjenge og aktivitetar.*

²¹ Kommunedelplan for oppvekst – handlingsdel 2019.

²² Osterøy 22,8; Kostragruppe 10: 15,8; Landet 13,8; Fylket 12,5.


²³ Årsmelding 2019.



Figur 11: Netto driftsutgifter i prosent av totale netto driftsutgifter. Kjelde: SSB

Figuren over viser prosentdel av netto driftsutgifter til høvesvis kultursektoren og idrett. Kommunen ligg under snittet for kostragruppa, landet og fylket.

Osterøy nyttar 1157 kr. per innbyggjar til kultursektoren, noko som er under halvparten av snittet for, landet og fylket²⁴.



Figur 12: Hva bruker kommunen kulturmidlene til 2019. Kjelde: SSB

²⁴ Osterøy 1157; Kostragruppe 10: 2173; Landet 2549; Fylket 2522.



6.3 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

6.3.1 Drøftingsrunde i kommunen

Gjennom drøftingsrunden i Osterøy kommune vart det særleg peika på desse områda/tema som aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Idrettsanlegg
- Kultur- og fritidstilbod for barn og ungdom

6.3.2 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

Basert på gjennomgangen av sektoren og innspel frå drøftingsrunden vil vi trekkje fram følgjande område/tema som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

Område	Tema
<i>Rammer og styringsstruktur</i>	<i>- Oppfølging av vedtekne mål for kultur og idrett</i>




7. Teknisk drift og forvaltning

7.1 Lover og forskrifter

Innan dette område er desse lovene og forskriftene særleg sentrale:

- Plan- og bygningslova
- Vass- og avløpsanleggslova
- Friluftsløva
- Viltlova
- Forurensningslova
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Havne- og farvannslova



7.2 Sentrale område; utvikling, mål, statistikk og risiko

Sektor for samfunnsutvikling omfattar i dag:

- Teknisk drift av kommunen (vassforsyning, avlaupsanlegg, kommunale bygg og vegar)
- Teknisk forvaltning (byggesak, landbruk og oppmålingstenester)
- Planlegging og sakshandsaming av private planforslag
- Reinhald
- Brann og redning, feiarteneste, førebyggjande brannvern
- Vaktmeisterstenestene
- Kommunale byggeprosjekt og fleire utviklingsprosjekt.

Frå november 2019 har kommunen nytta privat føretak til å utføre oppmålingsforretningar. I 2019 har frivilligkoordinator vore knytt til planavdelinga, og har mellom anna koordinert ei tverrfagleg folkehelsegruppe som har arbeida med fleire prosjekt. I 2019 var sektoren omorganisert, og det har vore særleg arbeid med rekruttering innan plan og prosjektutvikling. I årsmeldinga vert det peika på pågåande prosjekt og resultat for desse i 2019.

Hovudbrannstasjonen er lokalisert på Hauge. Osterøy kommune har avtale med Bergen brannvesen om kjøp av feie- og tilsynstenester frå årsskiftet 2019.


I 2018 vart det for første gang gjennomført og utarbeida heilskapleg Risiko- og sårbaranalyse (ROS) for Osterøy kommune. Målsetnaden med analysen var at den skulle vere avgjerdsstøtte i høve til gjennomføring av tiltak, og følgjande mål er formulert:

«Heilskapleg ROS for Osterøy kommune skal gje oversikt over risikobiletet og sårbare område i kommunen, på eit overordna nivå, med vekt på konsekvensar og sårbarheit for samfunn, kommune og tenesteproduksjon for å utvikle eit trygt og robust samfunn for framtida.»

Arbeidet med ROS-analysen var slutført før skredhendinga på Votlo i desember 2017, og det er i ROS-analysen tilrådd at det vert gjennomført ein revidering innan 2022 der ein ser på lærdom frå eventuelle hendingar i perioden 2017 - 2022.




I 2017 var antal einingar tilknytt offentleg vassverk 1812.²⁵ Figuren under viser årsgebyr for vassforsyning, avløpstenesta og avfallstenesta. Gebyra for avlaup og avfall i Osterøy er godt under gjennomsnittleg samanlikna med andre kommunar.



Figur 13: Årsgebyr, vann, avløp og avfall i kr ekskl. mva. (år 2020). Kjelde: SSB

Av total vassleveranse i kommunen er omlag 23 % lekkasje, medan nasjonalt snitt er 29,5 %. Prosentvis fornying av nett for vatn og avløp siste tre år er 0,19 % for spillvassnett og 0,04 % for vassforsyningsnett.



Figur 14: Netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater per km. Kjelde: SSB

Figuren over viser netto driftsutgifter til kommunale vegar per km. Figuren viser at kommunen har låge driftsutgifter til kommunal veg per kilometer samanlikna med andre. Driftsutgifter til kommunal veg per innbyggjar er også lågt samanlikna med andre.²⁶


²⁵ ROS-analyse 2018, s. 3.

²⁶ Osterøy: 759 kr; Kostragruppe : 1093 kr; Landet:1218 kr; Fylket: 961 kr.



Kommunen nyttar omlag 7,5 % av sine netto driftsutgifter til eigedomsforvaltning²⁷, dette er mindre enn både kostragruppa, landet og fylket.

Figuren under viser utgifter til vedlikehald per kvadratmeter kommunal eigedom. I 2019 nytta kommunen 92 kr/m² til vedlikehald, noko som er høgare enn kostragruppa, og lågare enn landet og fylket.



Figur 15: Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter. Kjelde: SSB

Teknisk forvaltning og planavdelinga har handsama fleire små og store saker gjennom året. Mellom anna var det i alt 13 reguleringsplanar under arbeid, ein kommunedelplan og ein temaplan i 2019. Fire reguleringsplanar er vedteke i 2019, og det var motsegn til ein av desse.

I byggesaksavdelinga vart det handsama 143 byggjesøknadar. Av byggjesøknadane hadde 83 stk. sakshandsamingsfrist på tre veker og ei gjennomsnittleg handsamingstid på 12 dagar. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for søknadar med 12 vekers frist var 33 dagar.

I 2019 var 43 % av søknadene innvilga gjennom vedtak om dispensasjon frå plan. 83 % av søknadane om nye bygningar i LNF/LNFR- område vart innvilga, medan 50 % av tiltak i freda eller verneverdige område/bygningar vart innvilga. Det vart innvilga 3 søknadar om nye bygningar i strandsona. Det var gjennomført 12 tilsyn for byggeverksemd unntatt søknadsplikt.

²⁷ Kostragruppe 10: 8 % ; Landet: 9 %; Fylket: 9,5 %.



7.3 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

7.3.1 Drøftingsrunde i kommunen

Gjennom drøftingsrunden i Osterøy kommune vart det særleg peika på desse områda/tema som aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Sakshandsaming
- Vatn- og avløp
- Eigedomsforvalting
- Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering

7.3.2 Aktuelle tema til forvaltningsrevisjon

Basert på gjennomgangen av sektoren og innspel frå drøftingsrunden vil vi trekkje fram følgjande område/tema som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

Område	Tema
<i>Vatn- og avløp</i>	<i>- Styringssystem for vatn- og avløp</i>
<i>Beredskap</i>	<i>- Oppfølging og evaluering</i>
<i>Investeringsprosjekt</i>	<i>- Prosjektering, oppfølging og rapportering</i>
<i>Eigedomsforvalting</i>	<i>- Styringssystem for eigedomsforvalting</i>



8. Oppsummering frå risiko- og vesentlegvurderingane

8.1 Framheva område innan forvaltningsrevisjon

8.1.1 Aktuelle område

Basert på gjennomgangen av sektoren og innspel frå drøftingsrunden har vi trekt fram følgjande område og tema som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

<i>Styringssystem</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Utforming og oppfølging av politiske vedtak</i>- <i>Planlegging, rapportering og oppfølging</i>- <i>Strategisk arbeid og utvikling</i>
<i>Internkontroll</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Internkontrollsystem</i>- <i>Avvikshandtering</i>- <i>Varsling, etikk og habilitet</i>
<i>IKT og digitale verktøy</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>IKT Nordhordland</i>- <i>Offentlege innkjøp</i>
<i>Oppvekst</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Psykososialt miljø i barnehage, skule og SFO</i>- <i>Kvalitet i SFO</i>- <i>Tilpassa opplæring</i>
<i>Barnevern</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Tidleg innsats og førebyggjande arbeid</i>
<i>Helse- og omsorg</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Personalpolitikk, kompetanse og rekruttering</i>- <i>Koordinerande eining og samhandling</i>
<i>Rammer og styringsstruktur</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Oppfølging av vedtekne mål for kultur og idrett</i>
<i>Vatn- og avløp</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Styringssystem for vatn- og avløp</i>
<i>Beredskap</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Oppfølging og evaluering</i>
<i>Investeringsprosjekt</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Prosjektering, oppfølging og rapportering</i>
<i>Eigedomsforvaltning</i>	<ul style="list-style-type: none">- <i>Styringssystem for eigedomsforvaltning</i>



8.1.2 Plan for forvaltningsrevisjon 2015 – 2019

Heradsstyret vedtok i sak 032/16 følgjande prioriterte prosjekt til plan for forvaltningsrevisjon:

- *Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov*
- *Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgde opp?*
- *KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen*
- *Barnevern – ressursbruk, sakshandsaming, oppfølging og handsaming*
- *Miljøplanlegging i kommunen*

Heradsstyret delegerte kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

8.1.3 Gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar for 2008 – 2020

2008: Byggjesakshandsaming i Osterøy Kommune

2009: Stabs- og støttefunksjonar i Osterøy Kommune

2009: Arbeid med etikk og varsling i Osterøy Kommune

2011: Offentlege anskaffingar

2011: Samanstilling av ressursbruk pleie og omsorg institusjon i Nordhordland

2011: Ressursbruk i grunnskulen i Nordhordland

2013: Statlege øyremarka tilskot

2013: Handtering av investeringsprosjekt

2015: Vedlikehald av kommunale bygg

2017/18: Barnevern – Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Osterøy kommune.

2018/19: Vedtaksoppfølging innan plan, byggesak og landbruk

2019/20: Eigarskapskontroll – Osterøy Utvikling AS

2020/21: Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov



8.2 Tilrådte område til prioritering for Osterøy kommune 2020 - 2024

Kontrollutvalet skal med grunnlag i risiko- og vesentlegvurdering gjere ein prioritering av område til plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024. Det er peika på fleire moglege område der ein vurderer forvaltningsrevisjon som nyttig i perioden. Det er opp til kontrollutvalet å vurdere og prioritere kor mange og kva tid ein planlegg gjennomføring av eventuelle forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet sin prioritering vert sendt til kommunestyret som innstilling til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.

Når plan for forvaltningsrevisjon er vedteke for perioden, bør kontrollutvalet gå i nærare bestillingsdialog med revisor om planlegging, aktuelle problemstillingar og forventa gjennomføring av forvaltningsrevisjonen.

Risiko- og vesentlegvurderingane for eigarskapskontroll peiker på IKT-Nordhordland som eit aktuelt selskap for ein felles eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap.

Basert på gjennomført risiko- og vesentlegvurdering tilrår vi at ein vurderer forvaltningsrevisjon innan ein eller fleire av følgjande område i 2020 – 2024:

- *Politiske vedtak; vedtaksutforming og oppfølging*
- *Internkontrollsystem*
- *Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*
- *Varsling, etikk og habilitet*
- *Styringssystem for eigedomsforvaltning*
- *Kvalitet i skulefritidsordninga*
- *Barnevern; tidleg innsats og førebyggjande arbeid*
- *Helse og omsorg; koordinerande eining og samhandling*
- *Styringssystem for vatn- og avløp*
- *IKT Nordhordland*

8.3 Vidare prosess

Kontrollutvalet skal med grunnlag i risiko- og vesentlegvurderingane, drøfte og vedta innstilling til plan for forvaltningsrevisjon.

Kommunestyret handsamar innstillingane i eiga sak og gjer vedtak om endeleg plan.

Kommunestyret kan vedta å gje kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i planen og eventuelt revidere planen undervegs i perioden. Plan for forvaltningsrevisjon skal vere vedteke av kommunestyret seinast innan utgangen av året, jf. kommunelova § 23-3.



9. Kjelder

9.1 Litteraturliste og lovhenvisingar

- Veileder i risiko- og vesentligvurdering, Norges Kommunerevisorforbund (des. 2019)
- Kommuneleva
- Forskrift om revisjon og kontrollutvalg

9.2 Kommunale dokument

- Organisasjonskart for Osterøy kommune, 2020
- Reglement for delegering av mynde på politisk nivå, 2018
- Delegeringsreglement til rådmannen, 2018
- Reglement for heradsstyre, formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval, 2018
- Oversikt over interkommunale samarbeid
- Info om kommunens sentrale verktøy for internkontroll
- Arealdel – Planskildring 2011 – 2023
- Kommuneplan 2003 – 2014 (utdatert)
- Planprogram for kom. plan. sin samfunnsdel 2030
- KPA OK 2011 – 2023
- Planstrategi 2016 – 2020
- Kommunedelplan for sjø og strandsona 2018 – 2027
- Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse (ROS) for Osterøy kommune
- Budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023
- Eigarstrategi
- Eigaringsmelding, 2016
- Årsmelding 2019
- Kommunedelplan for oppvekst og handlingsdel
- Tilstandsrapport for grunnskulen 2017 – 2018
- Kommunedelplan for Helse, Omsorg og Sosial (HOS) 2013 – 2022
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2008 – 2019
- Arkivplan

9.3 Andre kjelder

- <https://skoleporten.udir.no/>
- www.barnehagefakta.no
- SSB: KOSTRA statistikk
 - <https://www.ssb.no/kommunefakta/osteroy>
 - <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/osteroy>

Risiko- og vesentlegvurdering

Del 2

Grunnlagsdokument til utarbeiding av
plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024



Osterøy kommune



Innhald

1. Bakgrunn, føremål og metode	3
1.1 Bakgrunn og føremål	3
1.2 Metode	3
1.3 Risiko- og vesentlegvurdering	3
2. Eigarskapskontroll	5
2.1 Organisering av kommunal verksemd i eige selskap.....	5
2.2 Krav til eigarstyring.....	5
2.3 Oversikt over eigarskap	6
3. Oppsummering frå risiko- og vesentlegvurderingane.....	15
3.1 Framheva område for eigarskapskontroll	15
3.2 Tilrådde område til prioritering for Osterøy kommune 2020 - 2024	15
3.3 Vidare prosess	15
4. Kjelder.....	16

Utarbeida etter oppdrag frå kontrollutvalet i Osterøy kommune
November 2020



1. Bakgrunn, føremål og metode

1.1 Bakgrunn og føremål

Plan for eigarskapskontroll skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering, jamfør kommunelova kapittel 23 oppgåvene til kontrollutvalet ved eigarskapskontroll.

Nordhordland Revisjon IKS og kontrollutvalssekretariatet v/ Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har etter oppdrag frå kontrollutvalet utarbeida grunnlagsdokumentet, etter vedteke prosjektplan i sak 31/20 i møtet 08.06.2020.

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll. Risiko- og vesentlegvurderingane skal danne grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Risiko- og vesentlegvurderingane er her presentert i eit eiga grunnlagsdokument til utarbeiding av plan for eigarskapskontroll. Dokumentet skildrar arbeidet som er gjort, ein oppsummerande presentasjon av analysert data, og peiker på aktuelle eigarskapskontrollar.

Kontrollutvalet prioriterer vidare kva prosjekt som bør inngå i plan for eigarskapskontroll, og innstiller til vedtak i kommunestyret.

1.2 Metode

Datagrunnlaget til risiko- og vesentlegvurderinga byggjer på gjennomgang av selskapsopplysingar, og innspel- og drøftingsrunder med politisk og administrativt nivå.

Innspelsrunde til analysen har vore gjennomført med kontrollutvalet i sak 52/20 i møtet 21.10.2020, med rådmannen i møtet 21.10.2020, og ved gjennomføring av digital undersøking i formannskapet i oktober 2020.

1.3 Risiko- og vesentlegvurdering

Kommunal verksemd er summen av dei tenestene og rettane kommunen som organisasjon skal ivareta. Rammene for den kommunale verksemda er sikra gjennom ulike lovar og forskrifter, mellom anna kommunelova - som skal legge til rette for at kommunen kan yte tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane, utøving av offentleg mynde, og bidra til effektive, tillitsskapande og berekraftige kommunar, jf. § 1-1.

Kommunen har eigardel i fleire selskap, og i ein eigarskapskontroll vert det undersøkt korleis desse eigarinteressene vert følgt opp og om dette vert gjort i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Dersom kontrollutvalet ønskjer å foreta undersøkingar i selskapa ut over dette, vil det definerast som forvaltningsrevisjon av selskap og vere omfatta av plan for forvaltningsrevisjon.



I kommunelova § 23-6 vert innsyn og undersøkingar i selskap og liknande omtala. Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll frå følgjande selskap

- Interkommunale selskap etter IKS-loven
- Interkommunale politiske råd
- Kommunale oppgåvefelleskap
- Aksjeselskap der ein kommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eigar alle aksjer.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stades i møta.

Kontrollutvalet sin innsynsrett gjeld tilsvarande ovanfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsyn og undersøkingar skal kun omfatte det som er naudsynt for å undersøkje om kontrakten vert oppfylt.

Forhold som kan påverke vurdering av risiko og vesentlegheit

Figurane under er henta frå NKRF sin rettleiar i selskapskontroll og illustrerer sentrale moment for å vurdere risiko- og vesentlegheit i selskap.

Eksempler på sentrale vesentlighetsmomenter:

- Store økonomiske verdier
- Utfører viktige kommunale oppgaver
- Mottar vesentlige tilskudd fra kommunen
- Betydning for lokalsamfunn, arbeidsplasser
- Politisk interesse/prestisje

Figuren til venstre viser sentrale moment for å vurdere kor vesentleg eit selskap er. I denne vurderinga bør til dømes vurdere om selskapet ivaretar store økonomiske verdier, om det utfører viktige kommunale oppgåver, mottar vesentlege tilskot frå kommunen, er av stor betydning for lokalsamfunnet, eller om det er politisk interesse eller prestisje knytt til selskapet.

Eksempel på indikasjoner på risiko:

- Negativ økonomisk utvikling (egenkapital, likviditet, avkastning)
- Negativ medieoppmerksomhet
- Store endringer (organisasjon, lederskifter, målsettinger, marked)
- Komplisert/uklar organisering
- Rollekonflikter (f.eks. sentrale politikere i styrer)
- Svak eierstyring
- Manglende etiske retningslinjer og antikorrupsjonsarbeid
- Urealistiske eller uklare mål
- Politisk kritikk

Figuren viser døme på forhold som kan indikere at det er høgare risiko knytt til dei ulike selskapa. Slike tilhøve kan vere negativ økonomisk utvikling, negativ merksemd i media, store endringar i selskapet, komplisert eller uklar organisering, rollekonflikter, svak eigarstyring, manglende etiske retningslinjer eller antikorrupsjonsarbeid, urealistiske eller uklare mål eller politisk kritikk.



2. Eigarskapskontroll

2.1 Organisering av kommunal verksemd i eige selskap

Kommunen kan velje å organisere delar av verksemda i eigne selskap, til dømes aksjeselskap (AS) eller interkommunale selskap (IKS). Ved å gjere dette blir verksemda lagt over i eit eige rettssubjekt. Dette inneber at kommunal styring må utførast gjennom selskapet sine eigarorgan og vere i samsvar med selskapsrettslege tilhøve for den aktuelle selskapsforma.

Kommunestyret har overordna ansvar for heile kommunen si verksemd, også for eventuelle delar av verksemda som er organisert i eigne selskap. Utskiljing i eigne selskap endrar såleis premissa for styring, men ikkje ansvaret for den delen av kommunal verksemd som er skilt ut.

KS skriv i innleiinga til «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll»:

At virksomheter eller tjenester skilles ut og legges i selskaper innebærer at betingelsene for folkevalgt styring og kontroll endres. Slik disse selskapene er organisert, skal selskapets ledende organer ha betydelig grad av frihet til å drive virksomheten. Lovfestede bestemmelser og vanlige normer for god selskapsstyring setter grenser for hvor mye kommunene som eier disse selskapene kan og bør involvere seg i selskapenes virksomhet.

Kommunalt eigde selskap er omfatta av ei rekkje lovar og forskrifter, mellom anna lov om rekneskapslovgjevning, regelverk om offentlege anskaffingar og kommunelova. Selskapsrettslege tilhøve vert regulert etter val av organisering, som aksjelova, IKS-lova eller kommunelova kapittel 19 om kommunalt oppgåvefellesskap.

2.2 Krav til eigarstyring

I ny kommunelov som trede i kraft 1.1.2020 er det lovfest krav til eigarstyring i § 26-1:

«Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.


Eierskapsmeldingen skal inneholde

- a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring*
- b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i*
- c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.»*

Kommunestyret i Osterøy har vedtatt eigarskapsmelding for Osterøy i sak 007/16. Heradsstyret har i sak 085/20 tildelt PWC oppdrag med å utarbeide eigarskapsmelding og eigarstrategi på vegne av Osterøy kommune. Eigarskapsmeldinga skal etter planen vere ferdig innan utgangen av mars 2021.



2.3 Oversikt over eigarskap



Oversikten er basert på årsmeldinga for 2019 og opplysingar i brreg.

*Ikkje oppdatert eigardel etter endring i kommunestruktur.



2.3.1 Aksjeselskap

Etter aksjelova § 3-4 skal selskapet «til enhver tid ha en egenkapital og en likviditet som er forsvarlig ut fra risikoen ved og omfanget av virksomheten i selskapet». Dette inneber at egenkapitalen i selskapet skal vere tilstrekkeleg i høve til risiko, aktivitet og selskapet si forventa utvikling. Vidare må selskapet ha tilstrekkeleg likviditet til å kunne innfri sine forpliktingar og styret har handleplikt dersom egenkapitalen er lågare enn forsvarleg, jf. § 3-5.


OPRO AS

OPRO AS vart stifta i 1993.

Føremålet til selskapet er:

«Produksjon og anna verksemd og i samarbeid med offentlege og private aktørar å skapa grunnlag for sysselsetjing og aktivisering med tilhøyrande oppgåver primært av yrkeshemma, men også overfor andre grupper slik dette til ei kvar tid er naturleg innanfor formålet. Så lenge arbeidskraft- styresmaktene yter tilskot til drifta, gjeld også mål og retningslinjer utarbeidde av desse for drifta. Eventuelle driftsoverskot skal førast attende for drifta. Eventuelle driftsoverskot skal førast attende til verksemd til styrking og vidareutvikling av den ordinære drifta.»

Oversikta under viser nøkkeltal dei siste tre åra. Det er registrert 25 tilsette i selskapet i 2020.



Figur 1: OPRO AS - Årsresultat dei tre siste åra. Kjelde: proff.no

Likviditeten i eit selskap viser verksemda si betalingsevne. Soliditet er eit uttrykk for forholdet mellom egenkapital og gjeld, og finansieringa av egedelane i selskapet. Figuren under viser likviditetsgrad, lønsemd og soliditet i OPRO AS, jamfør tal frå Brreg.



Figur 2: OPRO AS - Likviditetsgrad, lønsemd og soliditet. Kjelde: proff.no




OSTERØY AKTIV AS

Osterøy Aktiv AS vart stifta i 1998.

Føremålet til selskapet er:

«Å sikra ei effektiv og rasjonell drift av Osterøyhallen. Å ha som mål å bidra til ei utviding av anlegga samt stå for drift av framtidig anlegg som det er naturleg å knytta til eksisterande. Å utvikla bruken av anlegga til å skapa mest mogleg positiv fysisk aktivitet for flest mogleg. Å verta ein vesentleg bidragsytar til å skapa eit positivt oppvekstmiljø for born og unge på Osterøy. Å fremja bruken av anlegga, ved også å nytta dei til konsertar, teater, messer, utstillinga, konferansar o.l. Å driva aktiv marknedsføring av anlegga for å auka utleiga. Selskapet har ikkje til føremål å skaffa eigarane økonomisk utbytte.»

Oversikta under viser nøkkeltal dei siste tre åra. Det er registrert 3 tilsette i selskapet i 2020.



Figur 3: Osterøy Aktiv AS - årsresultat dei siste tre åra. Kjelde: proff.no

Likviditeten i eit selskap viser verksemda si betalingsevne. Soliditet er eit uttrykk for forholdet mellom eigenkapital og gjeld, og finansieringa av egedelane i selskapet. Figuren under viser likviditetsgrad, lønsemd og soliditet i Osterøy Aktiv AS, jamfør tal frå Brreg.



Figur 4: Osterøy Aktiv AS - Likviditetsgrad, lønsemd og soliditet. Kjelde: proff.no




OSTERØY UTVIKLING AS

Osterøy Utvikling AS vart stifta i 1994.

Føremålet til selskapet er:

«Eigdomsforvaltning og eigdomsutvikling på Osterøy og i Bergensregionen. Selskapet skal og leggja til rette for næringsutvikling i Osterøy.»

Oversikta under viser nøkkeltal dei siste tre åra. Det er registrert 1 tilsett i selskapet i 2020.



Figur 5: Osterøy Utvikling AS – årsresultat dei tre siste åra. Kjelde: proff.no

Likviditeten i eit selskap viser verksemda si betalingsevne. Soliditet er eit uttrykk for forholdet mellom eigenkapital og gjeld, og finansieringa av eigedelane i selskapet. Figuren under viser likviditetsgrad, lønsemd og soliditet i Osterøy Utvikling AS, jamfør tal frå Brreg.

Likviditetsgrad:



Tilfredsst. (1,29)
 📈 2018: Meget god (2,52)

Lønnsomhet:



Ikke tilfredsst. (0,3%)
 📈 2018: Tilfredsst. (9,8%)

Soliditet:



God (33,4%)
 📈 2018: God (37,1%)

Figur 6: Osterøy Utvikling AS - Likviditetsgrad, lønsemd og soliditet. Kjelde: proff.no




BIR AS

BIR AS vart stifta i 2001.

Føremålet til selskapet er:

«Eie og forvalte selskaper som skal sørge for innsamling, transport og behandling av husholdnings- og næringsavfall. Selskapet kan også etablere innsamling, transport og behandling av produksjons-, nærings- og farlig avfall. Forøvrig kan selskapet ta på seg alle oppgaver som naturlig hører sammen med de oppgaver som er nevnt i førtse avsnitt. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler eller delta i andre foretak dersom dette er hensiktsmessig for å oppfylle formålet. Ved fremtidig vedtak om avfallsbehandlingsmetode og tilhørende anlegg vil vertskommunen (aksjeeierne) være besluttsende organ i henhold til plan og bygningslovens regelverk.»

Oversikta under viser nøkkeltal (konsern) dei tre siste åra. Det er registrert 47 tilsette i selskapet i 2020.



Figur 7: BIR AS (konsern) - årsresultat dei tre siste åra. Kjelde: proff.no

Likviditeten i eit selskap viser verksemda si betalingsevne. Soliditet er eit uttrykk for forholdet mellom eigenkapital og gjeld, og finansieringa av eidedelane i selskapet. Figuren under viser likviditetsgrad, lønsemd og soliditet i BIR AS, jamfør tal frå Brreg.

Likviditetsgrad:



Svak (0,95)
 📉 2018: Tilfredsst. (1,16)

Lønnsomhet:



God (10,4%)
 📈 2018: Svak (4,7%)

Soliditet:



Tilfredsst. (14,3%)
 📈 2018: Tilfredsst. (13,8%)

Figur 8: BIR AS (konsern) - likviditetsgrad, lønsemd og soliditet. Kjelde: proff.no




Vann Vest AS

Vann Vest AS vart stifta i 2019 av 18 kommunar.

Føremålet til selskapet er:

«Samarbeidsorganisasjon for eierne. Selskapet skal fremme samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilrettelegge for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsvirksomhet. Selskapet skal utføre og formidle tjenester, knyttet til vann- og avløpsvirksomhet, som for eksempel bistand til drift, kvalitetssikring, vannmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler med eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig.»

Oversikta under viser nøkkeltal sidan stifting i 2019. Det er registrert 6 tilsette i selskapet i 2020.



Figur 9: Vann Vest AS - årsresultat dei siste tre åra. Kjelde: proff.no

Likviditeten i eit selskap viser verksemda si betalingsevne. Soliditet er eit uttrykk for forholdet mellom eigenkapital og gjeld, og finansieringa av eignedelane i selskapet. Figuren under viser likviditetsgrad, lønsemd og soliditet i Vann Vest AS, jamfør tal frå Brreg.



Figur 10: Vann Vest AS - Likviditetsgrad, lønsemd og soliditet. Kjelde: proff.no



2.3.2 Interkommunale selskap

Interkommunalt arkiv Hordaland IKS

Interkommunalt arkiv Hordaland vart stifta i 1995.

Føremålet til selskapet er:

- «1. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6.
2. Selskapet skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv, utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane, lokale kurs om arkivfaglege emne, tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv, rettleiing om arkivfaglege spørsmål, rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv. Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte.
3. Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv, jf. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6. Avtale om arkivdepot skal ha ei oppseiingstid på eitt år. Depotfunksjonen skal finansierast av ei særskilt deponeringsavgift etter satsar vedtekne av representantskapet.
4. Selskapet kan ut over det som er fastsett i nr. 1 og 2 ovanfor, tilby tenester som deltakarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester som deltakarane har ulik etterspurnad etter, eller som ikkje blir gitt til alle deltakarar.
5. Selskapet kan etter vedtak i styret gjennomføre spesielle prosjekt som ligg utanfor arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver, når desse er fullfinansierte av deltakarar eller andre som samarbeider om prosjektet.
6. Selskapet kan etter vedtak i styret ta på seg konsulentoppdrag for utanforståande, når oppdragsgivar betalar for tenesta og den ikkje går ut over arkivet sine hovudoppgåver.
- Definisjonen av føremål og oppgåver er uttømmande. Representantskap og styre har ikkje fullmakt til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.»



Nordhordland Revisjon IKS / Vestlandsrevisjon IKS

Nordhordland Revisjon IKS vart stifta i 1995.

Føremålet til selskapet er:

«Nordhordland Revisjon IKS har som oppgåve å utføre revisjon i kommunar i høve til Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 60. Nordhordland Revisjon IKS skal på vegne av kommunestyret og kontrollutvalet stå for jamleg kontroll med forvaltninga i kommunar i høve til forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval. Arbeidsområdet er nærare definert i forskrift om revisjon. Nordhordland Revisjon IKS skal vidare ha som føremål å kunna tilby sine revisjons- og rådgjevingstenester ovanfor ulike verksemder som kommunar er økonomisk involvert i, eller har andre interesser i. Selskapet kan også tilby sine tenester til private selskap med og utan revisjonsplikt. Alle eksterne oppdrag som ikkje er ein del av kommunen si forvaltningsverksemd skal vera sjølvfinansierande. Avtale om revisjon vert inngått mellom oppdragsgjevarane og Nordhordland Revisjon IKS ved dagleg leiar/revisjonssjef.»

Selskapet er i ein samanslåingsprosess med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vart stifta i 2003.

Føremålet til selskapet er:

«Arbeide i samsvar med det politiske organet RNH sitt føremål. Ivareta økonomiske og administrative oppgåver for RNH. Ivareta saksførebuing og sakshandsaming av saker for RNH. Gjennomføre utviklingsarbeid som er i tråd med føremålet til RNH. Ta på seg økonomiske og administrative oppgåver samt utviklingsoppdrag for eigarkommunane etter særskild avtale. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med kommunar, fylkeskommunar og andre verksemder. Selskapet kan gå inn som eigar i andre verksemder, innanfor rammene til kommunelova og andre lover og føresegner knytt til kommunar si deltaking i verksemder/forretningsdrift.»

Region Nordhordland Helsehus IKS

Region Nordhordland Helsehus IKS vart stifta i 2014.

Føremålet til selskapet er:

«Selskapet skal planlegge og byggje eit region- og helsehus til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse- og omsorgstenester for kommunane i region Nordhordland. Selskapet skal drifte og leige ut lokale til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse- og omsorgstenester for kommunane i region Nordhordland. Leigeinntektene skal dekke kapitalkostnadane, drift- og vedlikehaldskostnadane samt felleskostnadar til selskapet. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalear og forpliktande leigeavtalar med kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og andre verksemder. Selskapet kan gå inn som eigar i andre verksemder, innanfor rammene til kommunelova og andre lover og føresegner knytt til kommunar si deltaking i verksemder/forretningsdrift.»



2.3.3 Andre selskap

IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap

IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap vart stifta i 2019 og er ei vidareføring av vertskommunesamarbeidet «IKT Nordhordland».

Føremålet til selskapet er:

«Ivareta deltakarkommunane sine oppgåver innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi, knytt til drift, driftsstøtte, service, informasjonssikkerhet, utvikling og forvaltning av kostnadseffektive driftsløysingar og tenester.»



3. Oppsummering frå risiko- og vesentlegvurderingane

3.1 Framheva område for eigarskapskontroll

3.1.1 Drøftingsrunde i kommunen

Det har vore gjennomført drøftingsrunde i kommunen med kontrollutvalet, formannskapet og administrasjon. I drøftingsrunden vart det mellom anna drøfta generell eigarstyring, gjennomført eigarskapskontroll i perioden og Osterøy Aktiv AS

3.1.2 Gjennomførte eigarskapskontrollar for 2010 - 2020

Kommunestyret vedtok følgjande prioriterte prosjekt til plan for eigarskapskontroll, etter innstilling frå kontrollutvalet:

- Osterøy Utvikling AS

Gjennomførte kontrollar knytt til eigarskap i Osterøy kommune:

2011: OPRO AS (eigarkontroll)

2020: Osterøy Utvikling AS (eigarkontroll)

3.2 Tilrådde område til prioritering for Osterøy kommune 2020 - 2024

På bakgrunn av gjennomgangen under kapittel 1.3 og 2.3, og innspel i drøftingsrunden vil vi rå til at kontrollutvalet vurderer prioritering av følgjande eigarskapskontrollar i perioden:

- Eigarstyring i Osterøy kommune
- Osterøy Aktiv AS
- IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap

IKT Nordhordland vert også foreslått som ein felles forvaltningsrevisjon av selskap for kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy.

3.3 Vidare prosess

Kontrollutvalet skal med grunnlag i risiko- og vesentlegvurderingane, drøfte og vedta innstilling til plan for eigarskapskontroll minst ein gang i perioden.

Kommunestyret handsamar innstillinga i eiga saker og gjer vedtak om endeleg plan.

Kommunestyret kan vedta å gje kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i planen og eventuelt revidere planane undervegs i perioden. Planen for eigarskapskontroll skal vere vedteke av kommunestyret seinast innan utgangen av året, jf. kommunelova § 23-4



4. Kjelder

4.1 Litteraturliste og lovhenvisingar

- Kommuneloven
- Aksjeloven
- Forskrift om revisjon og kontrollutval
- Brønnøysundsregistrene (brreg)
- www.proff.no
- Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll, KS (2015)
- Veileder: Risiko- og vesentligvurdering, NKRF (2019)
- Veileder: Selskapskontroll – Fra A til Å (2018)

4.2 Kommunale dokument

- Årsmelding og rekneskap 2019 Osterøy kommune
- Eigarskapsmelding, 2016